



Lindås Vvs Nils Træland As
Litlås 3
5954 MONGSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3157 - 23/65095

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
22.08.2023

Søknad om utseppsløyve vert avslutta utan handsaming -gbnr. 215/65 Eidsnes ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 868/23**

Byggestad: Gbnr: 215/65
Tiltakshavar: Ståle Sleire Johansen
Ansvarleg søkjar: Lindås Vvs Nils Træland As
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 12-4, vert søknad om utseppsløyve for gbnr. 215/65 avvist. Grunngevinga går fram av vurderinga under.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Alver kommune har den 20.04.2023 mottatt søknad utseppsløyve for eigedom gbnr. 215/65 Eidsnes ytre.
Søknaden vart svara ut med mangelbrev datert 04.05.2023 Følgjande manglar vart etterspurd:

1. **Situasjonsplan.** Situasjonsplanen er ikkje målsett, avstand til bustad og nabogrense må vise i kartet. Situasjonsplan må også vise utseppstad.
2. **Utseppstad.** Det er i søknaden kryssa av for utseppstad «anna». Det må opplysast om korleis avløp frå minirensanlegget skal løysast.
3. **Nabovarsling.** Arbeida skal nabovarslas jf. Forureiningsforskrifta § 12-4 2. ledd.

Frist for tilbakemelding vart sett til 04.06.2023. Den 04.07.2023. mottok vi nabovarselskjema, slik sett er punkt 3 er ivaretatt.

Vi kan ikkje sjå å ha mottoke etterspurde opplysningar knytt til punkt 1 og 2 og vi vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. forskrift om begrensning av forurensing § 12-4. Søknaden vert avvist. Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegerert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottoke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/3157

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Vvs Nils Træland As
Ståle Sleire Johansen

Litlås 3
Kvernhusaugane 4

5954 MONGSTAD
5914 ISDALSTØ